



**MILITÆR KOMMUNIKASJON:** Dei held god kontakt via walkie talkie på Utvandringsfestivalen. Hedda Bergo (12 år – midten) frå Os, og tvillingane Cassandra (12) og Hans Kolbjørn Strømseng. Dei hadde basen sin mellom utstillinga av militære veteranføretoy. Hedda var også med på markeringa av D-dagen i Frankrike 6. juni i år.



# Topp for tipp-oldebarna i Amerika-husa

**RADØY:** Dei stammar frå Amerika-huset, fire jenter i stilige blondeskjørt – springande mellom emigranthusa på Sletta-prærien under Utvandringsfestivalen i helga. Eit steinkast unna budde tippeoldefaren, Ananias Sletten, som drog over Atlanteren ikkje mindre enn tre gonger og fekk bygt Amerika-hus for pengane han sendte heim.

**ARTHUR KLEIVELAND**  
redaksjonen@nordhordland.no

Jorunn og vesleguten Øivind bur i dag i Amerika-huset etter tippeoldefaren sin. Mamma Janne Grete Øvrebø Heier vaks opp i dette huset, og synest det er kjekt å flytta tilbake hit. Ho og mannen har overtatt Amerika-huset, og

familien er godt i gang med oppussing.

## Historie i veggane

– Eit veldig spennande prosjekt, her ligg det mykje i veggane som fortel si historie, seier Janne Grete.

No er Janne Grete si søster, Tone Øvrebø Fosse med familie på besøk frå Telemark. Dei to søstrene sine ungar har det kjekt både i tippeoldefar sitt hus og ved emigranthusa på Utvandrings-senteret.

– Emigrasjonshistoria er ein viktig bit av vår slektshistorie her frå Sletta, seier Janne Grete og Tone.

Ananias Sletten var mellom dei som reiste flest turar over Atlanteren, og kom til slutt heim for godt. Kona ville ikkje flytta med han, men Amerika-pengar gjorde at det vart bygt både hus, løe og vaskehus på garden.

## «Svermere» ei stor oppleving

Tone Øvrebø Fosse har vore på Utvandrings-senteret før, men

festivalen var ei ny oppleving for henne.

– Veldig kjekt å få med seg festivalen, seier Tone, og fortel om ei stor oppleving med bandet «Svermere», som opna festivalen med konsert i Emigrantkyrkja fredag. Dei tar utgangspunkt i tradisjonell norsk-svensk folkemusikk, og presenterer denne med rå fele, klingande saksofon og leikande jazzgitar. Då blir det både spring-

leik i jazzdrakt og halling med tæl.

–Kjempestilig, forsikrar ho. Utvandringsfestivalen strekte seg over tre dagar. Lørdag var det familieaktivitetar i og utanfor emigranthusa. Amerika-fotografen, ansiktsmaling og gullgraving fall så avgjort i god jord mellom den unge garde.

– Her har det vore kø heile tida, fortel Amerika-fotografen, sta-

sjonert i rådhuset som er flytta til Sletta frå byen «Elisabeth». Dei to fengselscellene i rådhuset gjorde god nytte som garderobe.

## Høgtidelege

Den tradisjonsrike kransenedlegginga på dei ulike monumenta ved Emigrantkyrkja er alltid ein høgtideleg seremoni, og det var ikkje noko unntak denne gongen. Den norske og amerikanske

## Serkland si hostesaft gjorde susen

Det var nytt land og nye sjukdomar. Med få legar og lange avstandar var det tøffe tider både for legar og pasientar. Og tilgangen på medisinske hjelpemiddel var avgrensa. I ein monter på «legekantoret» på Sletta kan publikum sjå doktor Serkland sitt utstyr. Han visste råd og utvikla like godt si eiga hostesaft.

– Den gjorde visstnok susen, smiler avdelingsleiar Åshild Thorsen ved VUS. Dr Serkland

var også den første legen med bil i byen Rothsay i Minnesota i 1908.

Åshild Thorsen har i samarbeid med Ellen Risbruna jobba fram utstillinga, med grafisk designar og utstillingsdesignar på laget. Åshild kom tilfeldig over historia til Elisabeth Fedde under ein tur til New York for eit par år sidan. Det viste seg at ho har slektskap til den norskamerikanske legen, som har eit stort namn i Amerika.

Elisabeth Fedde frå Kvinesdal er ein kvinneleg lege som har sett sterke spor etter seg på andre sida av Atlanteren. Ho bygde opp to sjukehus, det eine er i dag eitt av dei største sjukehusa i Brooklyn, etter den første spe starten i 1885.

– Ei fantastisk dame som fekk utretta utruleg mykje, fastslår Åshild og Ellen.





**SØSKENBARN I AMERIKA-HUS:** Ananias Sletten var tippeoldefar til denne barneflokk, som er fotografert ved Amerika-husa ved Vestnorsk Utvandringssenter. Jorunn med veslebroren Øivind i armane, bur i dag i tippeoldefaren sitt Amerika-hus eit steinkast frå utvandringssenteret. Her saman med søskenbarn frå Telemark, Nora Salome, Elin Johanne og Anna Amalie. (Alle foto: Arthur Kleiveland)

nasjonalsongen høyrer med i denne samanhengen, og søskenparet Vebjørn og Ingrid Gunnarson Thunes skapte ei fin musikkalsk ramme med sitt messingspel.

Vestnorsk Utvandringssenter presenterte også ei ny utstilling under namnet "Lækjarkontoret", ei utstilling som fortalde om liv og teneste til norske legar i det norske Amerika og om sjukehis-

toria til dei norske emigrantane. Utvandringfestivalen vart i besette tradisjon avslutta med norsk-amerikansk gudsteneste i Emigrantkyrkja.

## – Avhengige av krigsseglarane

– Dei var ikkje soldatar, men tok likevel på seg nøkkelroller med stor fare for eige liv. Dei ofra og kjempa på sin måte, sa sjøforsvarsprest Hans Kenneth Sundsbø då han under Utvandringfestivalen la med krans ved monumentet over krigsseglarane.

– Krigsseglarane er mellom våre heltar. Dei heilt vanlege menneska, alle sjøfolka som under andre verdskrig deltok i den utruleg viktige, men samti-

dig så farlege transporten av drivstoff, krigsmateriell og andre ting på verdshava. For å stå i mot, og seinare kjempa ned den nazistiske stormakt, var dei allierte heilt avhengig av krigsseglarane. Vi har ansvar for å føra vidare dei verdiane dei segla for, sa Sundsbø.

To barnebarn etter ein krigsseglar stod med norsk flagg og heldt kransen under appellen.

Under kransnedlegginga fekk

dei frammmøtte også høyra den sterke historia om Peder Ådland i den 99. bataljon, som fall i kampene i Frankrike same dag som Paris vart frigjort.

– Det var eit stort tap for familien, og mor hans kom aldri over det, sa Einar Ådland ved monumentet over 99. bataljon. Bror til Einar, Peder Ådland, som vart kalla opp etter den falne onkelen, la ned krans på monumentet.



**PRIMA STEMNING:** Seks amerikanske damer med norske og skandinaviske aner fann tonen med krigsveteran John Pettersen (99). Han slo av ein prat med damene, som var tydeleg imponert over 99-åringen med fortid i 99. bataljon.



**ETABLERT SJUKEHUS:** På "legekantoret" på Sletta vart det lørdag opna ei utstilling om norske legar sitt arbeid mellom dei norske emigrantane. Elisabeth Fedde (bildet på veggen) var ei fantastisk dame som fekk utrette utruleg mykje som lege. Eitt av sjukehusa ho etablerte er i dag eitt av dei største i Brooklyn, fortel avdelingsleiar Åshild Thorsen og prosjektmedarbeidar Ellen Risbruna, som har laga den spennande utstillinga.



**RÅTUNG SAFE:** Safen til dr Serkland er svært tung og ikkje lett å flytta. – Vi måtte laga sliks og dra den opp med tau, fortel Arnulf Hjelmtveit, som var med på rive- og flytteprosessen for rådhus og fengsel, som i dag er gjenreist på Sletta. – Tre amerikanske fangar deltok i rivingsarbeidet, og dei var strålande fornøgd med å få hjelpa til med å få ned eit fengsel, smiler Hjelmtveit.



**KRANSNEDLEGGING:** Tradisjonen tru vart det lagt ned krans på monumenta ved Emigrantkyrkja på Sletta. Hans Kenneth Sundsbø la ned krans på monumentet over krigsseglarane.